SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Arlen Synnøve Bidne
E-post: arlen.synnove.bidne@sfj.no
Tlf.: 41530934

Vår ref.
Sak nr.: 18/7076-14
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.04.2019

Riksantikvaren
Postboks 8196 DEP
pb. 8196 Dep.
0034 OSLO

Tilbakemelding på Tilsynsrapport frå Riksantikvaren - statlege tilskotsmidlar frå kapittel 1429 post 71

Vi syner til dykka e-post av 19. mars 2019 og brev av 2. april 2019 med oversending av tilsynsrapport på Sogn og Fjordane fylkeskommune si handsaming av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett i verk fleire tiltak etter dykka tilsynsbesøk 3. og 4. september 2018 og etter at vi mottok dykka rapport 19. mars 2019.

Oversikt og status for tiltak

- **Søknadsskjema**
  Dagens søknadsskjema vil bli erstatta av digisak frå hausten 2019. Vi har difor valgt å ikkje gjere endringar i dagens søknadsskjema då dette ikkje vil bli nytta vidare. Men vi har endra akseptskjemaet som alle tilskotsmottakarar må fylle ut og signere for å få utbetalt tilskot. I akseptskjemaet ber vi no om opplysingar om mva og organisasjonsnummer.

- **Organiseringa av tilskotshandsaminga**
  Fylkeskommunen vi i løpet av våren 2019 lyse ut to nye stillingar som rådgjevar med arbeidsområde nyare tids kulturminne. For ein av desse stillingane vil ei av arbeidsoppgåvene vere tilskotshandsaming knytt til tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71.

- **Dokumentasjon av bruk av skjønn og grunngjeving ved rekning av tilskot**
  I samband med saksutgreiing for tildeling av tilskot frå post 71 har fylkeskommunen tatt inn i grunngjevinga våre vurderingar knytt til kor stort tilskot den enkelte vert tilrådd å få. Denne grunngjevinga fyl tildelingsbreva som vert sendt ut til den enkelte tilskotsmottakar.

- **Dokumentasjon av dialog med tilskotsmottakar**
  Fylkeskommunen har endra sine rutinar og det vert no skrive referat etter alle møte med tilskotsmottakarar, all e-post korrespondanse knytt til tilskot vert journalført på saka til det enkelte bygget/anlegget.

- **Innhald i brev med vedtak om tildeling av tilskot**
  Fylkeskommunen har endra breva med tildeling av tilskot frå post 71 i tråd med tilbakemeldingane frå dykk. Vi syner i denne samanheng til kopi av tildelingsbreva som er sendt dykk tidlegare.

- **Utbetalingar**
  Etter tilsynsbesøket dykka 3. og 4. september 2018 har fylkeskommunen gjort fyljande endringar i våre rutinar knytt til utbetaling av tilskot.
  - Det vert ikkje gjort utbetalingar av tilskot på førehand.
  - For delutbetaling av tilskot må det leverast søknad om utbetaling vedlagt ein kort rapport på kva som er gjort, kostnadar så langt i prosjektet og kopi av faktura.
  - Før sluttutbetaling av tilskot vert gjort må det leverast sluttrapport med foto som syner tiltaket før, under og etter at det er ferdig, timeliste over eigeninnsats, rekneskap med kopi av kvitteringar

- Alle rekneskapsvedlegg vert kontrollert av sakshandsamar.
- For alle tildelingar over kr. 300 000,- vert det sett krav om særattestasjon. Dersom fylkeskommunen vurderer at det er behov for det i tildelingar under kr. 300 000,- vil det bli stilt krav om dette som vilkår for tilskot.

- **Restansar på utbetaling av tilskot**
  Fylkeskommunen har etter tilsynsbesøket 3. og 4 september 2018 trekt tilbake mykje av dei tilskota som har blitt tildelt for meir enn 2 år sida. Pr. i dag står det att nokon få prosjekt der vi er i prosess med å få enten utbetalt tilskota eller trekt dei tilbake. Planen er å ferdigstille dette i løpet av hausten 2019. Vi syner elles til vårt brev av 20. mars 2019 vedlagt saksutgreiing for fordeling av tilskot frå statsbudsjettet der det vert opplyst om omfordelingar av tilskot eldre enn 2 år.

- **Plan for oppdatering av tilstandsregistrering**
  Oppdatering av over ti år gamle tilstandsregistreringar (TG9) i Askeladden har vore sporadisk utført etter kapasitet. Det står att pr. i dag 60 objekt i privat eige som har TG9. Fylkeskommunen vil oppdatere tilstanden på 20 objekt før sommarferien og dei resterande 40 objekta i løpet av året 2019.

Med helsing

Eva Moberg
fylkeskonservator

Arlen Synnøve Bidne
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift